

## Referat

### Fellesmøte for Fagrådet for kommuneoverlegar og kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** Fellesmøte - kommunalsjefgruppa og fagrådet for kommuneoverlegar

**Dato/tid:** 20.09.2019, kl. 08:30 - 11:00

**Til stades:** Anita Pettersen(Gulen), Frøydis Gullbrå(Modalen), Peter Kubon(Austrheim), Rolf M.Tande(Masfjorden), Tord Moltumyr(Meland), Leni Dale(Lindås), Ove Sæbø(Modalen), Monika Kvamme(Austrheim), Nils Moldøen(Fedje), Kristin Ruud Myking(Osterøy), Malin Daae Steine(Masfjorden), Ingebjørg Søreide(Gulen) og Anne Hildegunn Færøy(NUI)

**Møteleiar:** Tord Moltumyr

**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

#### Saksliste:

Saksnr.	Saker
16/19	<p><b>Godkjenning av saksliste og referat frå fellesmøte 24.02.2019</b></p> <p>Det var vist til Sak 02/19 om Infodoc i sky og ønske om meir informasjon frå Lindås kommune om dette. Leni Dale melde at Alver kommunane ikkje går for dette enda, og derfor ikkje har så mykje meir å melda enn at alle som brukar Infodoc må over på sky-løysinga innan 2021.</p>
17/19	<p><b>Samarbeid ved utskriving av pasientar innan psykisk helsevern</b></p> <p>Kommunar opplever at pasientar innan psykisk helsevern vert utskriven frå sjukehus utan at <a href="#">Samarbeidsavtale 3-5, psykisk helse og rus</a> vert fylgt slik det er semje om. Kommunalsjefgruppa ønskjer å drøfte dette i fellesmøte.</p> <p>Leni Dale har løfta denne saka inn til Fellesmøte for å høyra kva erfaringar andre kommunar har i samband med utskriving av pas. innan psykisk helsevern.</p> <p>Ho viste mellom anna til at det har vore fleire, til dels graverande hendingar der pasientar er utskriven frå sjukehuset utan at rutinar som er nedfelt i Tenesteavtale 3 – 5, psykisk helse og rus vert fylgt. Det er særleg det siste halvåret at det er registrert ei endring i samarbeidet rundt utskriving av pasientar.</p> <p>Lindås kommune har sendt brev til Seksjon samhandling i Helse Bergen og bedt om eit møte for å drøfta hendingane rundt utskriving av pasientar i psykisk helsevern.</p> <p>Erfaringar frå andre kommunar:</p> <p><b>Gulen:</b> har vore to hendingar der pas. er utskriven utan at det har vore dialog med kommunen i forkant.</p> <p><b>Osterøy:</b> opplever at det kan vere nokre utfordringar. For seine meldingar, og ulik forståelse av kva som er viktig for pasienten.</p> <p>Det vert stilt spørsmål ved om avtalane er godt nok forankra inn i organisasjonen, på alle nivå. Det er fleir som melder at det kan sjå ut som avtalen ikkje er godt nok kjent eller vert etterlevd hos dei som er nærmast pasienten i utskrivingssituasjonen.</p> <p>Mangelfullt samarbeid og dialog med kommunen når pasientar vert utskriven frå PAM til lokalt DPS vert også peika.</p> <p>Leni viste til at møte med leiinga i HB blir gjennomført, og vil vurdere om hendingane skal meldast inn som sak til Samarbeidsutvalet etter dette.</p>
18/19	<p><b>Gjennomgang og drøfting av saker til møte i SU Nordhordland 20.09.2019</b></p> <p>Gruppa hadde ein gjennomgang av sakene som skal til handsaming i SU NH</p> <p>Særleg sak 35/19; Avansert hjemmesykehus til barn og ungdom vart drøfta.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det kan sjå ut som dette tilbudet mest sannsynleg vil medføre endra oppgåver for kommunen. Fellesmøte stiller seg derfor uforståande til at kommunane ikkje er invitert med i styringsgruppa for prosjektet.</li> <li>- Gruppa ber om at dette vert meldt tilbake til prosjekteigar når saka vert presentert i SU</li> </ul>

19/19	<p><b>Felles øving om pandemisk influensa – sak i SU</b></p> <p>Det vart vist til <a href="#">Avtale om samhandling i forbindelse med pandemisk influensa</a> (særavtale til Tjenesteavtale 11 og 12) og punkt i Handlingsplan 2019 der det er enighet om at det skal gjennomførast ei felles øving mellom sjukehus og kommunar. Det er foreslått at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som planlegg ei slik øving</p> <p>Rådmannsutvalet(RU) har fått saka presentert, og sagt seg villig til å delta i arbeidsgruppa som skal utarbeida ein plan for ei slik øving.</p> <p>RU har peika på Reidun Halland og Martin Kulid som aktuelle repr. i ei slik arbeidsgruppe. Det har vore kontakt med Beredskapsavdelinga og Fylkeslegen i Vestland, som har meldt at dei er positiv til å bidra i planlegging og gjennomføring av ei slik øving.</p> <p>Etter planen skal arbeidsgruppa starte sitt arbeid i september/oktober. Forslag til plan for gjennomføring av ei felles øving i 2020 skal leggast fram for Samarbeidsutvalet i desembermøte.</p>
21/19	<p><b>Fag- og tenesteutvikling – Helsehuset – sak i SU</b></p> <p>Som ei oppfølging av måla med Helsehusetprosjektet har Helse Bergen og Lindås kommune, saman med Nordhordland Utviklingsselskap (NUI) tatt initiativ til å starta arbeidet med å utarbeida forslag til en overordna plan for korleis tenestene i fellesskap skal arbeide for å nå måla med prosjektet. Tiltaket og organiseringa av dette er løfta inn som eiga sak til SU.</p> <p>Det er foreslått at det vert sett ned ei prosjektgruppe som får i oppdrag Samarbeidsutvalet for Nordhordland, supplert med repr. for oppvekstsektoren utgjør styringsgruppe for arbeidet.</p> <p>Forslag til samansetting av prosjektgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 2 frå Alver kommune</li> <li>• 3 frå Helse Bergen</li> <li>• 2 frå samarbeidskommunane</li> <li>• 1 frå HDS</li> <li>• 1 frå Fylkestannlegen</li> <li>• 1 frå NUI</li> </ul> <p>Alver kommune har utpeika representantar til prosjektgruppa frå oppvekst og helse/omsorg. Frå samarbeidskommunane er det utpeika repr. frå oppvekstsektoren. Kommunane vert oppmoda om å utpeika ein representant frå helse/omsorg og melde dette inn til Anne Hildegunn Færøy.</p>
19/10	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b></p> <p><b>Rus og psykiatri:</b></p> <p>Det vart vist til avisoppslag der det står at <i>Bergensklinikkene</i> har vore i kontakt med Helse Bergen for ei mulig verksemdoverdraging. Fellesmøte er samd i at ein i SU-møte ber om meir informasjon om dette, og at spørsmål om det i samband med ei eventuell overdraging kan vurdere ei meir desentralisert og poliklinisk virksomhet innan rusbehandling, og om dette evt kan knytast til Helsehuset.</p> <p><b>Hepatitt C:</b></p> <p>Tord Moltumyr viste til at det er utarbeidd ein nasjonal handlingsplan mot Hepatitt C, og at kommunane er ilagt eit særskild ansvar i dette arbeidet. Fylkesmannen har på vegne av Helsedirektoratet sendt brev til alle kommunar der det m.a. vert stilt krav om ei ekstraordinær innsats frå dei kommunale helsetenestene. I brevet er det m.a. vist til at helseføretaka har fått i oppdrag å gå i dialog med alle kommunane i sin region for å følgja krava i handlingsplanen, og for å avtala korleis samarbeidet best kan organiserast.</p> <p>Tord har svara Fylkesmannen og peika på at det er uheldig at denne typen samhandlingstiltak vert etablert utanom etablert samhandlingsstruktur og tiltaksplanar.</p> <p><b>Saka vert meldt inn under eventuelt i SU-møte</b></p> <p><b>Utkantkonferansen 2020:</b></p> <p>Planlegging av Utkantkonferansen 2020 er i startgropa. Forslag til tema er «Leve hele livet». Under denne paraplyen kan fleir tema leggast inn. Det er t.d. komme forslag om å retta fokus mot personar med kognitiv svikt, psykisk helse hos eldre og bustadplanlegging. Førebels er det Rolf Martin Tande, Tonje Husum Aarland og Anne Hildegunn Færøy som er involvert i planlegginga. Ønsker å få fleire innspel til tema og aktuelle innleiarar, og at nokon frå Fellesmøte kan vere med i planlegginga.</p>